



Kettlebells vert nok populært i år også.

Sommaren er dessverre på hell. Positivt er det då at vi bur i ei aktiv bygd med eit godt og variert aktivitetstilbod. Med skulestarten byrjar også ulike aktivitetar å røra på seg etter ferien. Janne Hjelmealand i turngruppa i UIL melder at dei startar opp aktivitetane for dei vaksne komande veke.

Turngruppa kan også denne sesongen presentera eit kjekt tilbod. Dei håpar at dei som var i fjor stiller samstundes som det kjem nye deltakarar. Svært kjekt er det når inflyttarar stiller opp. Dei ulike treningsgruppene er gode og svært billige tilbod, samstundes som det sosialt er svært kjekt å vera med

Gruppene startar til følgjande tider:

- Kettlebells startar torsdag 20.08 kl 19.30
- Dametrimmen med Astrid startar mandag 24.08 kl 19.00
- Step med Julie begynner same dag kl 20.00
- Crossmix begynner onsdag 26.08 kl 20.00

For dei aldersbestemte gruppene er det ikkje sett opp startdato enno. Det kjem det informasjon om seinare.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Ola Matti Mathisen